



## Notat

Dato: 25.07.2014  
Arkivsak: 2014/19465-1  
Saksbehandlar: jannor

---

Til: Per Nordmark, Marit Rødsæth

Frå: Jan Nordø

---

### Administrativ fråsegn til Regional plan for attraktive senter i Hordaland

Hordaland fylkeskommune har med heimel i plan- og bygningslova §§ 8-1, 8-3 og 8-5 vedteke å senda forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* på høyring.

Hovudmålet i planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal leggja til rette for vekst i heile fylket.

Planen er inndelt i fem plantema som er:

- Hovudmål, strategiar og senterstruktur
- Attraktive sentrumsområde
- Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
- Handel og kjøpesenter
- Transport

Kvar plantema inneholder mål, planskildring, retningsliner og handlingsprogram. Plantema handel og kjøpesenter inneholder føresegner som regulerer storleik og lokalisering av handelsverksemder. I samsvar med pbl. § 4-2 er det utarbeidd konsekvensutgreiing.

Med utgangspunkt i Klimaplan for Hordaland har klima- og naturressursseksjonen (KNS) følgjande kommentarar:

#### Kap. 1: Hovudmål, strategiar og senterstruktur

**Hovudmål** i planen er:

*Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggja for vekst i heile fylket.*

Planen si vekt på desentralisert sentervekst og miljøvenleg transport er i tråd med klimaplanen sine mål om «eit berekraftig utbyggingsmønster om reduserer transportbehovet og stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser» og målet om reduserte klimagassutslepp frå vegtrafikk og andre mobile kjelder.

Når det gjeld **strategiane** for å nå dette målet, er det svært positivt at planen gjennom arealpolitiske retningsliner og føresegner ønskjer å styrka arealplanlegging i sentrumsområde (strategi a). Dette er i tråd med tilsvarende retningsliner i Klimaplan for Hordaland for planlegging av eit klimavenleg utbyggingsmønster. Slikt samspel mellom

ulike fylkeskommunale planar syner også at strategi b om betre samordning og felles retningsliner mellom ulike sektororgan alt no ber frukter. Det er etter KNS sitt syn avgjerande at slik samordning held fram mellom alle sektorar, også mellom dei private og offentlege, om vi skal nå målet om lågutsleppsamfunnet.

Planen omhandlar vidare premissar for å fastsetja ein **senterstruktur** for Hordaland. Etter KNS sitt syn er det grunn til å diskutera nokre av dei kriteria som er valde for utveljing av regionsenter. «Alle innbyggjarar skal kunne nå eit regionsenter innan ca. ein times køyring» seier planen, men det er uklart om dette berre gjeld privatbil eller også offentleg transport. T.d. kan reisetida med buss på mange reisestrekningar i Hordaland aukast med minst 50 % i høve privatbil. Då kan kriteriet om at «regionsentera skal ha eit omland på minimum 10 000 innbyggjarar» bli vanskeleg å harmonera fordi mange i distriktskommunane vil få langt lengre reisetid enn 1 time til slike regionsenter.

Slik er det også i dag med den eksisterande regionsenterstrukturen. Det er uheldig for klimaet at innbyggjarar i ytre delar av Nordhordland, indre fjordstrøk av Nordhordland og Hardanger og Austevoll til dels har lengre reisetid enn 1 time til nærmeste regionsenter, opp til 2 timer med offentleg kommunikasjon. I retningsliner for senterstruktur i Hordaland er det likevel små endringar i definisjonen av regionsenterstrukturen. Kleppestø på Askøy og Husnes i Kvinnherad kjem til som nye regionsenter, medan Arna vert styrkt som senter ikkje berre for bydelen men også for kommunane rundt. For transportavstandar og klimarekneskapen er dette positivt, men KNS vil likevel be om at ein vurderer fleire regionsenter, t.d. i ytre Nordhordland og indre Hardanger, sjølv om kriteriet om 10 000 innbyggjarar ikkje er oppfylt. Eit alternativ kan sjølv sagt vera å betra vegstandarden og transporttilbodet slik at reistida går ned. Om ikkje klimagassutsleppa skal auka, krev det ei parallel satsing på køyretøy med låge utslepp og offentleg kommunikasjon i distriktskommunane slik Klimaplan for Hordaland legg opp til.

## Kap. 2: Attraktive sentrumsområde

Kapittelet tek opp korleis ein gjennom planlegging kan bidra til å skapa attraktive sentrumsområde i Hordaland.

I retningslinene for arealplanar i sentrumsområde vert det m.a. lagt vekt på at flest mogleg tilbod og funksjonar er lokalisert innanfor gangbar kjerne, at «sentrum skal ha funksjonsblanding med høg bustadandel» og høg utnyttingsgrad og at «sentrumsområde skal ha berekraftig energiforsyning og handtering av vatn, avløp og avfall». I retningsliner for forvalting heiter det at «teknisk infrastruktur i sentrum som energiforsyning og handtering av vatn, avlaup og avfall bør vera retta inn for å nå lågutsleppsamfunnet». Handlingsprogrammet legg stor vekt på samordning, samarbeid, rådgjeving og tilskot der Hordaland fylkeskommune skal spela ei aktiv rolle.

Retningslinene er mykje i samsvar med mål, strategiar og retningsliner for arealplanlegging i Klimaplan for Hordaland 2014-2030. Også i klimaplanen vert det lagt opp til eit meir konsentrert utbyggingsmønster der Hordaland fylkeskommune skal ta ei aktiv rolle som regional planstyresmakt. På bakgrunn av det er det vedteke retningsliner for planlegging i kommunane som ligg tett opp til dei retningslinene planen for attraktive senter foreslår, t.d. krav om funksjonsblanding, fortetting, samanhengande sykkelvegar og attraktive gangaksar. I strategiane sine legg klimaplanen stor vekt på meir gange, sykkel og kollektivtransport, avgrensing av biltrafikken og «overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp».

Også når det gjeld berekraftig energibruk og teknisk infrastruktur støttar klimaplanen opp under senterplanen. For å få meir klimavenlege bygningar har klimaplanen strategiar for meir effektiv energibruk (energismarte bygg), energikonvertering, meir miljøvenleg materialbruk og rådgjeving. I høve tilpassing til klimaendringar har dessutan klimaplanen overordna strategiar for handtering av overvatn og planretningsliner for kommunane (sårbarheitsanalysar, aktsemdsområde, omsyn til havstigning, dimensjonering av avlaup m.m.).

## Kap. 3: Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod

Kapittelet tek opp kva for tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod om bør leggjast til sentera i fylket.

Også for dette temaet har Klimaplan for Hordaland mål, strategiar og retningsliner. Strategi 5.3 A seier: «Senter- og knutepunktstrukturen skal bygga opp om eit meir konsentrert utbyggingsmønster». I retningsliner for kommunal

planlegging heiter det vidare at «bustadområde, arbeidsplassintensive næringsområde, skule og barnehage bør lokaliserast nær kvarandre og i tilknyting til kollektivnettet».

Plan for attraktive senter i Hordaland seier noko av det same i det overordna målet sitt: «Sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen». Planskildringa legg vekt på kvalitet nær brukar og omtalar særleg kommunale og fylkeskommunale tenester.

KNS er samd i at mangfald og kvalitet i tenestene er viktige, men som prinsipp kan det samstundes føra til sentralisering av tenester som er viktige for distrikta og lengre reiseavstandar med større klimagassutslepp som resultat. Her er det nok å referera til den pågåande kommunenesamanslåingsdebatten og skulebruksplanen for Hordaland, som også planskildringa kommenterer: «Om lokalisering og reisetid seier fylkeskommunen sin skulebruksplan mellom anna at elevar bør ikkje ha meir enn 1 times reisetid til skulen, og at skulestrukturen bør samsvara med regionsenterstrukturen».

Som nemnt i kap. 1 kan dette vera to usemjande prinsipp fordi mange elevar i den vidaregåande skulen kan få langt lengre reisetid enn 1 time om skulane i framtida skal ligga i regionsentra. Dessutan vil nedlegging av vidaregåande skular som ligg nærmere enn 1 time frå regionsentra (Etne, Bømlo, Fitjar, Austevoll, Sund, Hjeltnes, Fusa, Osterøy og Austrheim) føra til ei sentralisering som vil generera eit mykje større transportbehov. Ingen av delane er klimavenleg.

KNS meiner difor at senterplanen sine prinsipp for lokalisering av nye besøksintensive offentlege tenester frå eit klimaperspektiv bør justerast. At vidaregåande skular med breitt fagtilbod og fagtilbod tilpassa næringslivet i omlandet primært skal etablerast i regionsentra, kan lett undergrava det desentraliserte skuletilbodet som i dag er så typisk for Hordaland. For tannklinikke gjeld det same. Nærleik til slike tenester er ikkje berre eit velferdsgode, men også klimavenleg. Også her bør prinsippet om lokalisering i regionsenter justerast.

#### **Kap. 4: Handel og kjøpesenter**

Kapittelet omhandlar lokalisering og dimensjonering av nye handelstilbod. Dei regionale føreseggnene erstattar Forskrift om riks-politisk bestemmelse for kjøpesentre frå 2008.

For å redusera transportomfanget bør det slik planskildringa seier, leggjast til rette for at innbyggjarane ikkje treng å dra langt for å nå handelstilbod. Dette er ei stor utfordring. I perioden 1985-2009 auka lengda på innkjøpsreiser med 40 %. Auken i reiselengd har skjedd i alle delar av landet, både i bygd og by.

Som senterplanen også seier, har Hordaland nokre av landets største kjøpesenter. Utfordringa er ofte at kjøpesentra er lokaliserte utanfor sentrum og med lang avstand til bustadområde. Ei slik lokalisering, saman med høgt tal på parkeringsplassar, gjer at dei blir bilbaserte.

For å redusera transportomfanget, meiner senterplanen at ein bør lokalisera handel i senter som er knutepunkt for kollektivtrafikk. Dette er i tråd med klimaplanen sine mål for arealbruk og transport. Det same er ønsket om eit desentralisert butikktilbod for daglegvarer i distrikta og eit tilbod i gang- og sykkelavstand frå bustadfelt i meir sentrale område.

Dei regionale føreseggnene for arealbruk kan bøta på ei uheldig utvikling for kjøpesentra. Det er positivt at nytt bruksareal for detaljhandel på meir enn 3000 m<sup>2</sup> berre kan tillatast i senter og innanfor definert sentrumsutstrekning. Det er også positivt at det skal gjennomførast handelsanalyse. I retningslinjer for arealbruk i kommuneplanane skal behov for areal til daglegvarehandel vurderast ved regulering av nye bustadområde. Slike føringer kan bidra til kortare reiseavstandar og lågare klimagassutslepp.

KNS spør seg likevel om føreseggnene og retningslinene som er gjort framlegg om, er tilstrekkelege og effektive nok til å snu ei svært uheldig utvikling i klimagassutslepp knytte til handel og kjøpesenteretablering.

## Kap. 5: Transport

Kapittelet tek opp korleis sentrumsplanlegging kan bidra til eit effektivt og berekraftig transportsystem. Slik KNS vurderer det, er planen grundig og framtidsretta og supplerer på viktige punkt klimaplanen sine mål, strategiar og retningsliner for arealbruk og transport.

Både retningsliner for planprosess (trafikkanalyse), generell arealbruk (miljøgate og omkjøring), kollektivtrafikk (effektivt framkome og effektive bytepunkt), gange (gangaksar), sykkel (tydelege sykkeltraséar) og biltransport (ladeinfrastruktur) er jamt over i samsvar med klimaplanen sine strategiar for meir gange, sykkel og kollektivtransport, mindre biltrafikk og overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp.

Om tiltaka er tilstrekkelege til å bidra til klimaplanen sine mål for reduserte klimagassutslepp frå vegtrafikk på 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 1991, er likevel usikkert. KNS saknar m.a. meir forpliktande retningsliner i høve til differensierte bompengar og langtidsparkering, men er svært nøgd med retningsgjevande standard for ladeinfrastruktur på dei ulike senternivåa.

Sjølvsgart heng klimagassutslepp frå vegtrafikk også saman med sjølve senterstrukturen og lokaliseringa av handel, tenester og arbeidsplassar. Det er kommentert i dei andre kapitla.

### Konsekvensutgreiinga

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å avklara kva konsekvensar dei arealretta retningslinene i Regional plan for attraktive senter har for miljø og samfunn.

I konsekvensutgreiinga vert det under avsnittet *Transportbehov* sagt at «ved å innføra fleire regionsenter vil fleire få kortare avstand til regionsenterfunksjonar. Dette kan føra til eit lågare transportbehov, eller at transportavstanden vil bli kortare». Dette kan vera rett, men KNS vil påpeika at det føreset at ein ikkje automatisk sentraliserer viktige høgare ordens funksjonar som vidaregåande skule (t.d. Osterøy vidaregåande skule til Arna) og tannlege til dei nye regionsentra. For mange vil det bety lengre reiseavstandar og høgare klimagassutslepp og «vinninga kan gå opp i spinninga». Mange av regionsentra ligg dessutan svært nære Bergen. Det kan føra til handelslekkasje, t.d. til Åsane og Bergen Vest, og lengre reiser.

Når det gjeld *Samla konsekvensar av planen* er det under avsnittet *Nye regionale senter* grunn til å gjenta denne argumentasjonen. Kortare reiseavstand for busette innanfor omlandet til det regionale senteret er heilt avhengig av kva funksjonar som blir lokaliserte der.

I *Retningsliner for sentrumsutvikling* seier teksten at «planforslaget definerer sentrumsutstrekning (dersom det ikkje er definert i kommunale planar) i diameter ut frå sentrumsmidtpunkt». Vi reknar med at det skal vera kilometer.

Under *Regionale føresegner for handel og kjøpesenter* blir det sagt at «ei vesentleg svakheit ved føresegneiene er at dei fokuserer på etablering av nytt areal i staden for samla volum eller utbygging/utviding. Dette kan medføre at etappevis utvidingar under 3000 m<sup>2</sup> ville kunne etablerast utanfor sentrum. Dette kan for gje negative konsekvensar for sentrumsutvikling». Frå eit klimaperspektiv delar KNS denne vurderinga. Slike etableringar undergrev eit klimavenleg utbyggingsmønster med kort avstand til butikkar og tenester, meir gange, sykkel og kollektivtransport og redusert biltrafikk.

### Oppsummering

Regional plan for attraktive senter i Hordaland er slik KNS ser det, ein grundig, gjennomarbeidd og framtidsretta plan som på vesentlege område vil bidra til å få ned klimagassutsleppa i Hordaland. Planen vil gjennom retningsliner og handlingsprogram og samarbeid med kommunane bidra til ein meir berekraftig senterstruktur.

I høve Klimaplan for Hordaland ønskjer KNS å framheva følgjande punkt:

Planen si vekt på desentralisert sentervekst og miljøvenleg transport er i tråd med klimaplanen sine mål om «eit berekraftig utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet og stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser» og målet om reduserte klimagassutslepp frå vegtrafikk og andre mobile kjelder.

Samordning mellom alle sektorar, også mellom dei private og offentlege, er viktig om vi skal nå målet om lågutsleppsamfunnet. I den samanhengen må Klimaplan for Hordaland liggja i botn for all fylkeskommunal og kommunal planlegging, også for Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Det er grunn til å diskutera nokre av dei kriteria som er valde for utveljing av regionsenter. Kriteriet om at «regionsentera skal ha eit omland på minimum 10 000 innbyggjarar» blir i mange distriktskommunar vanskeleg å harmonera med ei reisetid på under 1 time. Kortaste reisetid vil mange stader vera langt over 1 time, med offentleg kommunikasjon opp til 2 timer og kanskje meir. Det gjev høge klimagassutslepp pr. person.

KNS vil be om at ein vurderer fleire regionsenter, t.d. i ytre Nordhordland og indre Hardanger, sjølv om kriteriet om 10 000 innbyggjarar ikkje er oppfylt. Eit alternativ kan sjølv sagt vera å betra vegstandarden og transporttilbodet slik at reistida går ned. Om ikkje klimagassutsleppa skal auka, krev det ei parallel satsing på køyretøy med låge utslepp og offentleg kommunikasjon i distriktskommunane slik Klimaplan for Hordaland legg opp til.

KNS meiner at senterplanen sine prinsipp for lokalisering av nye besøksintensive offentlege tenester frå eit klimaperspektiv bør justerast. At vidaregåande skular med breitt fagtilbod og fagtilbod tilpassa næringslivet i omlandet primært skal etablerast i regionsentra, kan lett undergrava det desentraliserte skuletilbodet som i dag er så typisk for Hordaland. For tannklinikke gjeld det same. Lengre reiseveg vil føra til større klimagassutslepp.

KNS spør seg om føresegne og retningslinene som er gjort framlegg om, er tilstrekkelege og effektive nok til å snu ei svært uheldig utvikling i klimagassutslepp knytte til handel og kjøpesenteretablering. I konsekvensvurderinga blir det sagt at «ei vesentleg svakheit ved føresegne er at dei fokuserer på etablering av nytt areal i staden for samla volum eller utbygging/utviding. Dette kan medføre at etappevis utvidingar under 3000 m<sup>2</sup> ville etablerast utanfor sentrum. Dette kan for gje negative konsekvensar for sentrumsutvikling». Frå eit klimaperspektiv delar KNS denne vurderinga og bed difor om at føresegne vert skjerpa.

Transportkapittelet tek opp korleis sentrumsplanlegging kan bidra til eit effektivt og berekraftig transportsystem. Slik KNS vurderer det, er planen grundig og framtidsretta og supplerer på viktige punkt klimaplanen sine mål, strategiar og retningsliner for arealbruk og transport. KNS saknar likevel meir forpliktande retningsliner i høve til differensierte bompengar og langtidsparkering, men er svært nøgd med retningsgjevande standard for ladeinfrastruktur på dei ulike senternivåa.

